



Arkivnr: 2015/8173-9
Saksbehandlar: Beate Bergsholm

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		14.10.2015
Fylkestinget		14.10.2015

KS - val til Landstinget og Fylkesmøtet 2015 - 2019

Samandrag

Etter Vedtekter for KS skal fylkestinget innan utgangen av oktober månad det året fylkestingsvalet er halde, velja delegatar til Landstinget og representantar til Fylkesmøtet for valperioden 2015 -2019. Det skal veljast 4 delegatar til Landstinget og 13 til Fylkesmøtet, inkludert fylkesordføraren.

Forslag til innstilling

1. Følgjande blir valde som delegatar og varadelegatar til Landstinget i KS 2015 - 2019:
2. Følgjande blir valde som representantar og vararepresentantar til Fylkesmøtet 2015 - 2019:

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 22.09.2015

Etter Vedtekter for KS skal fylkestinget velja delegatar/varadelegatar til Landstinget og representantar til Fylkesmøtet. Valet gjeld for 4-årsperioden.

Det kan krevjast forholdsval til KS-organ. Ved alle val til KS-organ, lokalt og sentralt, skal kvart kjønn vera representert med minst 40 % av medlemene.

1. Landstingsdelegatar

Fylkeskommunen sine landstingsdelegatar med varadelegatar blir valde for fire år innan utgangen av oktober månad i det året fylkestingsvalet er halde. Kvar fylkeskommune vel delegatar etter ein skala basert på folketalet pr. 1.1. i valåret. Ved 150.001 eller fleire innbyggjarar skal fylkeskommunen ha fire delegatar.

Det bør veljast like mange vararepresentantar med tillegg av to for kvart parti/gruppering, jfr. Vedtekter for KS § 4.

Kommunedag og Landsting i 2016 haldast i Kristiansand 15. -17. februar 2016.

2. Fylkesmøtet

Fylkeskommunen sine representantar består av fylkesordføraren og 12 fylkestingsmedlemer, jfr. Vedtekter for KS § 12. Det bør veljast like mange vararepresentantar med tillegg av to for kvart parti/gruppering.

Konstituerande fylkesmøte i KS Hordaland vil finna stad 17. november 2015 på Quality hotel Edvard Grieg i Bergen.